



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 238/26 - Eknes indre - oppføring av bod - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.07.2023. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet i 100-meters beltet langs sjøen, jf. pbl. §1-8, for oppføring av bod.

Administrasjonen gav avslag på søknad om dispensasjon i delegert vedtak i sak 21/10031, datert 28.06.2022. Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar, og klagen vart handsama av utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 18.01.2023, saknr 004/23, der Alver kommune sitt vedtak datert 28.06.2022 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 08.03.23.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 07.06.2023, der Alver kommune sitt vedtak vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, i brev datert 08.06.23.

Statsforvaltaren ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltar etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Alver kommune

Henriette Johanne Meyer

Postboks 4

Starefossbakken 13 C

5906

5019

FREKHAUG

BERGEN